

Årsrapport for Kviteeid Frivilligsentral 2022



Styret: Stian Hauge (styreleiar), Kamilla Minde, Jeanett Torsdalen, Kristin Stray Jacobsen og Geir Saxhaug.

Tilsette: Cecilie Austjore-Hosum har fortsett som dagleg leiar, og Marit Wright som rekneskapsførar. Linn-Marita Kyrvestad var mellombels tilsett i juli for å drifte utlånssentralen, med god suksess.

Medlem: Frivilligsentralen har ved utgangen av 2022 13 medlem: NKS Vrådal, Kviteeid IL, Kviteeid Turlag, NKS Kviteeid, LHL Vest-Telemark, Kviteeid Pinsemenighet, Kulturhuset Sundvang, Kviteeid kommune v/ Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Kviteeid kommune v/ Idrettsrådet, Kviteeid Pensjonistlag, Kviteeid Næringslag, Morgedal idrottslag og Misjonshuset Kviteeid Normisjon.

Hovudfokus i 2022: fornye leikeplassen i Kviteeid sentrum, og etablere Kviteeid utlånssentral. Gjennomføre faste arrangement som Øpen hall, Ungdomskafé og Fredagsdisco.

Nokon oppsummerande ord: det har igjen vore eit innhaldsrikt år der mykje har skjedd, og me kan nok seie oss godt fornøgd. Me har starta opp og drifta mykje bra, til dels på bakgrunn av midlar me har fått, og generelt fått god respons frå folk. Me opplev at frivilligsentralen har blitt ein viktig og naturleg aktør i kommunen. Vidare kan de lese meir i detalj om kva som har skjedd:

Leikeplassen i Kviteseidbyen:

I juni starta jobben med leikeplassen i sentrum. Fleire deltok på dugnad, og enkelte gjorde ein kjempeinnsats. Også når det gjeld transport av apparata har lokalfolket bidratt. Dagleg leiar hadde hovudansvar for innkjøp av apparat og kontakten med Aktiv Lek, samt koordinering av dugnad. Det har vore moro å sjå at leikeplassen har blitt mykje bruka av lokalfolk og tilreisande. I oktober hadde me offisiell opning av leikeplassen, med snorklipping, takketalar, gratis pølser og ballongdyr til barna.



Kviteseid utlånssentral:

Frivilligsentralen fekk midlar frå Gjensidigestiftelsen til å handle inn syklar, og Kvito sa ja til å ha ansvar av den daglege drifta som ein del av sitt arbeidstilbod. På våren handla me inn 11 syklar, der fleirtalet er elsyklar. Me valte å tilsette ei til å halde utlånssentralen open i juli, og er veldig glad for det. Elsyklane var utlånt for det meste av tida om sommaren og utover hausten, og har gitt mange lokalfolk nye opplevingar og moglegheita til å utforske meir av kommunen vår. Utlånssentralen har blitt ein del av BUA-nettverket, som mange andre utlånssentralen er ein del av. Me nyttar no deira nettside og utlånssystem. (BUA står for Barn og Unge i Aktivitet).



Faste arrangement som frivilligsentralen er (med)arrangør av:

- **Øpen hall:** det som var eit nytt tilbod for ungdomane for eit år sidan, har no blitt eit godt etablert fritidstilbod. På Øpen hall kan ungdomane drive med aktivitet i hallen, game på E-sportrommet, spile på instrument på musikkromma eller skjote på skjotebanen. I foajeen kan dei handle seg både varmmat og kioskvarer. Det har generelt vore god deltaking, og fleire vaksne bidreg trufast som frivillige. Etter haustferien fekk me med to elevteam frå Kvitsund som bidreg. Me har også eit godt samarbeid med Waldenstrøm med kjøp av mat. Me har no fått midlar til å handle inn sofaer og anna interiør som kan gjere foajeen betre, samt pengar til å arrangere ekstra aktivitetar. Høgdepunktet i 2022 var nok nettopp då me hadde paintball. Me fekk låne utstyr gratis frå NC Spectrum, og handla inn kuler sjølv. Elles leigde me også inn boblefotball og SUP-brett.




- **Ungdomskafé på Hvidesøe:** Ungdomskaféen starta opp om hausten, annakvar torsdag frå kl 14-16. Det er eit samarbeid mellom frivilligsentralen, Psykisk helse og kafé Hvidesøe. Jeger og fisk slang seg også med, og har stort sett heldt opent sjå seg så ungdomane kan bort og prøve seg på jaktsimulatoren. På Hvidesøe kan ungdomane handle seg mat, bolle og kakao til 25kr stk, sitte å skravle eller spele brettspel og dart.



- **Fredagsdisco:** Fredagsdiscoen for menneske med nedsett funksjonsevne har vore ein stor suksess! Det har kome deltakarar frå heile Vest-Telemark, og mange frivillige bidreg kvar gong. Etter haustferien fekk me også med eit elevteam frå Kvitsund. På fredagsdisco har me fast musikk, dans, karaoke, loddosal og kiosk, og av og til andre aktivitetar òg.



- **Leik og moro med Lundenjordet:** Me har også fått på plass samlingar for dei frå Lundenjordet som er på Krodokk dagsenter. Dei har etterkvart kome til Næringshagen annakvar torsdag for leik, song og kaffi. Me kastar og trillar ball, har quiz, bygger med klossar, leiker kims leik, spelar og syng og meir.



- **Felleslunsj for store og små:** LHL si turgruppe har også vore innom i blant for å ta lunsjen sin på Næringshagen. Ofte har dei fått suppe, og me har nytta høve til å invitere andre som måtte vere heime på dagtid.



- **Språkkafé:** Kviteseid har etterkvart fått fleire ukrainske flyktningar hit, som treng å lære seg norsk. Men også KOS har kome med førespurnad om frivilligsentralen kan starte opp med eit tilbod for sine fleirspråklege tilsette. I samarbeid med Frivilligsentralen tok Diakoniutvalet ansvaret for ein fyrste språkkafé på Waldenstrøm i desember. Her var det fullt hus og fleire nasjonalitetar på plass, og tydeleg eit tilbod som trengs per no. Frivilligsentralen bidrog med PR og innkjøp av språkkort ein kan nytte.

- **Stolpejakten:** For tredje året på rad vart stolpejakten arrangert i Kviteseid kommune. Til saman har 1450 unike personar vore på stolpejakt, og kvar einaste dag har nokon skanna ei stolpe. Nye frivillige har også vore med på å finne stolpeplassar, historiske tekstar og satt ut stolpar, og dei har tatt mykje ansvar. Det er flott å sjå! Me hadde eit eige sykkelkart opp Dalane, og med moglegheita til å låne elsyklar hjå utlånssentralen, blei det ein suksess.



Enkeltarrangement:

- **Samlingar for eldre i kommunen:** i april deltok 70-80 pensjonistar på middag og konsert med Hans Inge Fagervik på Sundvang kulturhus. Dette var eit samarbeid med Pensjonistlaget, og fleire frivillige bidrog med matlaging og rigging. I november vart dei eldre invitert til allsangkonsert med Arne Mørch og lunsj på Fredheim. Kring 30 pensjonistar deltok, og dei som kom hadde ein riktig fin føremiddag og var godt fornøgd. I september prøvde me oss på «Seinsommarpiknik» for alle aldrar, men pga. vêret måtte me flytte arrangementet frå Bygdetunet til Næringshagen. Det vart då eit mindre arrangement utan lokale musikarar som me eigentleg skulle ha. Med litt betre planlegging kan ein få til dette igjen i august eit anna år.

- **Skøytedisco på Kviteseidmarken:**
Frivilligsentralen var varmestoge for mange ungdomar på ettermiddagen, og drog i gong ein vellukka skøytedisco på kvelden. Dette vart gjort på førespurnad av markenkomiteen om Frivilligsentralen kunne ha noko arrangement. Og det vart så bra at det truleg må bli ein tradisjon.



- **Den store klesbytedagen:** I april hadde me klesbytedag, som er eit nasjonalt arrangement som Naturvernforbundet står bak. Me samarbeida med Husflidlaget lokalt, som blant anna stilte opp med fikselaug på sjølve dagen. Fleire frivillige gjorde ein stor innsats både før, under og etter arrangementet. Det var fullt hus i kantina på Næringshagen, og vart ein veldig vellukka bytedag!



- **Loppemarknad i Kviteseidbyen:** Fyrste søndag i mai arrangerte frivilligsentralen også loppemarknad i Kviteseid sentrum. Også her var det fleire frivillige som gjorde ein kjempejobb med å få dagen i hamn, og dagen vart ein folkefest for store og små. Det var eige område for barna på graset, og det kom folk frå andre kommunar også. Alle som ville kom for å selje sine egne loppar, og i tillegg kom det fleire småskalaprodusentar frå Vest-Telemark.



- **Eit lite påskemysterium på Kviteseid skule:** Eit morosamt påfunn, med inspirasjon frå andre lokalfolk, førte til ei moro hending på småskulen i Kviteseid. Ein far kledde seg ut som tjuv og gøymde seg på skulen, med sekken full av skattekart og anna rart. Dagleg leiar hadde på førehand gøymd sjokoladegullmyntar ute på området. Og då det heile var i gong, og tjuvjakta starta, dukka også politiet opp i skolegarden. Ein morosam oppleving for barna å ta med seg inn i påska.



- **Bytedag for vinterutstyr til barn:** Etter førespurnad frå foreldra sjølv, arrangerte me ein bytedag i kviteseidhallen på seinhausten. Det blei byting og sal av vinterutstyr og -klede, medan barna fekk springe rundt og leike.



Godkjende søknadar om stønad:

- **Midlar til Fredagsdisco og meir:** Frivilligsentralen og Lundenjordet sendte ein fellessøknad til Stiftelsen Dagsrudheimen om stønad til tiltak for å auke livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne i Kviteseid kommune. Me fekk 30 000kr, der Lundenjordet fekk ca. 22 000kr av desse til å handle inn utemøblar og utstyr til aktivitet for bebuarane, og for resten handla me inn discolys til Fredagsdisco. Seinare fekk me til saman 5000kr frå Kviteseid Rørhandel og Viking bygg, som me handla inn discokule og tilbehør for.
- **Kulturmidlar frå kommunen:** Frivilligsentralen fekk 15 000kr til ulike arrangement. Dei har i hovudsak gått til arrangement for eldre.
- **Midlar til utlånssentralen:** På tampen av året fekk me innvilga 200 000kr frå Sparebankstiftelsen DNB til å handle utstyr for.
- **Midlar til «opne møteplassar for ungdom»:** Me fekk full pott av Gjensidigestiftelsen før jul på 266 350kr som skal kome ungdomane til gode på fleire vis. Dette gjeld møblar og aktivitetar til Øpen hall, Ungdomskaféen, rusfrie fellesarrangement for ungdomar i regionen, slik som konsert under Victoriafestivalen, mogleg ferieworkshops og til slutt gratis skibuss til Vrådal Panorama.

Anna:

- **Komp:** I 2022 har Kviteseid Frivilligsentral distribuert ut 13 gratis KOMP til eldre folk i kommunen, og me har i år fått 52 000kr for jobben. Det er Vest-Telemarkrådet som har søkt og fått midlar til å handle inn teknologi som skal



førebyggje einsemnd blant eldre. Ein KOMP er kort fortald ein svært enkel datamaskin som familiemedlem kan sende inn bilete og videoer til. Bileta vil rulle og gå som ei ljusbileteframsyning. Ein kan også ha videosamtale.

- **Aktivitetsoversikt:** Det starta som ein oversikt over aktivitetar tiltenkt dei ukrainske flyktningane. Seinare fekk dagleg leiar eit godt tips om at også ansatte innanfor helse burde ha ein slik oversikt, sidan dei er i kontakt med mange folk som kan ha trong eller glede av å delta på noko for den fysiske eller psykiske helsa si. DL hadde eit møte med legane i Kviteseid og informerte om dette, og også dei på psykisk helse og helsestasjonen fekk ein utskrift av oversikten. Oversikten ligg også på nettsida vår.
- **Flyktningane:** Frivilligsentralen har bidratt med å rekruttere frivillige som har ynskt å hjelpe til i forbindelse med at kommunen mottok ukrainske flyktningar. Me har også nytta kanalane våre for å samle inn møblar, klede og meir.
- **Frivilligsentralen sine lokale:** Det blei til slutt ikkje noko av at frivilligsentralen skulle ha sine lokalar i den nye delen av Næringsshagen. Me leiger i staden ein kontorplass på Næringsshagen, og kan nytte kantina til arrangement og møteromma på huset. Elles nyttar me andre lokaler i kommunen til dei ulike arrangementa, og dette fungerer bra per no.

Regionale og nasjonale samlingar for frivilligsentralar:

- **Grunnkurs for daglege leiarar:** I september deltok DL på nemnde kurs på Gardermoen. Oppsummert kunne ho gjerne ha vore på kurset for eit år sidan, men det er alltid givande å treffe andre med same jobb.

- **Regionskonferanse i Langesund:** Turen gikk rett vidare frå Gardermoen til Langesund for å delta på regionskonferansen. Her kom det styreleiarar og daglege leiarar frå heile Telemark, Vestfold, Agder og Buskerud. Det var fleire nyttige og inspirerende tema som vart tatt opp, og like viktig er samhaldet og erfaringsdelinga imellom deltakarane.
- **Årsmøte og fagdag for Frivilligsentraler Norge:** I desember deltok DL på sitt fyrste årsmøte med Frivilligsentraler Norge. Det var flott å kunne vere med på å bestemme korleis ein ynskjer at hovudorganisasjonen vår skal arbeide vidare, og ikkje minst mykje å lære! Dag to var ein fagdag med fleire inspirerende seminar og påfyll.



Årsrapporten er skriven av dagleg leiar,
Cecilie Austjore-Hosum